



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 17.10.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef PS 160/17 og 162/17
Svein Berg-Rusten	Konst. Helse- og omsorgssjef PS 160/17 og 163/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 158/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 159/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 160/17	Tertialrapport 2017
PS 161/17	Tilrettelegging for borgerlege vigslar i kommunen
PS 162/17	VØR - Utviding av låneramme
PS 163/17	Støtte til TV-aksjonen 2017
PS 164/17	Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgsenteret
PS 165/17	Oversendingsframlegg PS 75/17 frå kommunestyret – 22.06.2017 til formannskapet: Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på Campus Høgskulen i Volda
PS 168/17	Oversendingsframlegg frå kommunestyret – 28.09.2017 til formannskapet: Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på Campus Høgskulen i Volda
PS 167/17	Oversendingsframlegg frå kommunestyret 28.09.2017 til formannskapet. Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun – Sandlager
PS 166/17	Ørsta/Volda Lufthamn - Avinor AS - Gbr 52/52 i Ørsta - Kjøp av areal
PS 169/17	Grensjustering i samband med kommunereforma – Bjørke
PS 172/17	<u>Ny utlysing av riksvegsambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020</u>
PS 170/17	Referatsaker
RS 12/17	<u>Innkalling til representantskapsmøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)</u>
PS 171/17	Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

- OS 151/17 **Svar på søknad om grensejustering i Bjørke-Viddal -
Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova**
- OS 152/17 **NAV - Pressemelding arbeidsmarkedet september 2017**

PS 158/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Det var åtte møtande ved møtestart.

Dokument utsendt 16.10.2017:

- Ny utlysning av riksvegsambandet Volda-Folkestad – Ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020.

Dokument utsendt på møtedagen:

Vedlegg til sak 164/17:

- Sentralkjøkkenet på omsorgssenteret – Utstyrskrav knytt til endring av produksjon.
- Melding om vedtak PS 8/17 tenesteutval for helse og omsorg.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om at ettersendt sak vedk. ny utlysning av riksvegssambandet Volda-Folkestad, vert sett på saklista.

Fride Sortehaug bad om ei orientering om pedagogtettleik i barnehagane.

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.05.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om RS 12/17 bør sjåast i samband med PS 162/17.

Odd Harald Sundal kom med framlegg om at skuledrifta i Austefjorden vert sett på i samband med handsaming av PS 169/17.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om bruk av ungdomssymfonien sitt lager på Øyra skule og ynskjer ei orientering om dette.

Sølvi Dimmen viste til sak vedk. matpengar for brukarar ved Hamna dagsenter, og bad om at ein tek omsyn til dette i budsjettprosessen.

Odd A. Folkestad viste til tidlegare handsaming i formannskapet vedk. toalett ved Folkestad ferjekai og Volda ferjekai, og ber om at det vert laga ei sak på dette til politisk handsaming. Ordføraren orienterte om dialog med Statens vegvesenet og vil arbeide vidare med saka.



Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, Frida Sortehaug, Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Sølvi Dimmen og Odd Harald Sundal, vart samrøystes godkjent.

PS 159/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 5.10.2017, vart samrøystes godkjent.

PS 160/17 Tertialrapport 2017

Administrasjonen si tilråding:

1. *Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:*

<i>Auke i Frie inntekter</i>	<i>1,6 mill kr</i>
<i>Reduksjon i eigedomsskatt</i>	<i>0,1 mill kr</i>
<i>Reduksjon i renteutgifter</i>	<i>2,4 mill kr</i>
<i>Auke i tilskot flyktningar</i>	<i>2,2 mill kr</i>
<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>

2. *Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).*

3. *Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).*

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

1. Tertialrapport 2017 vert teken til vitende, og kommunestyret vedtek slike budsjettendringar:

<i>Auke i Frie inntekter</i>	<i>1,6 mill kr</i>
<i>Reduksjon i eigedomsskatt</i>	<i>0,1 mill kr</i>
<i>Reduksjon i renteutgifter</i>	<i>2,4 mill kr</i>
<i>Auke i tilskot flyktningar</i>	<i>2,2 mill kr</i>
<i>Auke i finansinntekter/avkastning</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Introduksjonsprogram</i>	<i>2,0 mill kr</i>
<i>Auke i ramme til Helse og omsorg</i>	<i>3,6 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Politisk</i>	<i>0,5 mill kr</i>
<i>Auke i ramme Kino</i>	<i>0,5 mill kr</i>

2. Finansrapport (passiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr. 1).

3. Finansrapport (aktiva) pr 31.august vert teken til vitende (vedlegg nr.2).

PS 161/17 Tilrettelegging for borgerlege vigslar i kommunen

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Den kommunale vigselfretten blir i Volda teke hand om av ordførar og varaordførar.*
- 2. Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom bruddefolket og vigslaren.*
- 3. Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.*
- 4. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.*
- 5. Det administrative ansvaret for vigselfordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.*

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegget til nytt pkt. 1:

Den kommunale vigselfretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar eller administrasjonen.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen punkt 1 og framlegget frå Fride Sortehaug. Framlegget frå Fride Sortehaug vart samrøystes vedteke.

Punkt 2-5 vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

- 1. Den kommunale vigselfretten blir i Volda utført av ordførar, varaordførar eller administrasjonen.*
- 2. Vigsel kan finne stad i kontortida på vekedagar. Vigselstidspunktet blir fastsett etter forutgåande dialog mellom brudefolket og vigslaren.*
- 3. Vigsel i kommunal regi finn stad på rådhuset, anten på ordførar sitt kontor eller på møterom Voldsfjorden i første etg. på rådhuset.*
- 4. Vigsel i andre lokale/andre stader enn på rådhuset og til tidspunkt utanfor ordinær arbeidstid må avtalast med vigslaren, og der kommunen fakturerer dei faktiske utgiftene.*
- 5. Det administrative ansvaret for vigselfordninga blir delegert til rådmannen. Rådmannen får i oppgåve å tilrettelegge for at vigslane kan finne stad innanfor verdige rammer.*

PS 162/17 VØR - Utviding av låneramme

Administrasjonen si tilråding:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast ev eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner. Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Selskapsavtalen til VØR, § 12 Låneopptak vert endra til:

Styret kan ta opp lån til kapitalformål og til konvertering av eldre gjeld innanfor ei samla ramme på inntil 100 mill. kroner.

Lån til einskildprosjekt skal godkjennast ev eigarkommunane, dersom vedkomande lån er på 25 mill. kroner eller meir.



VOLDA KOMMUNE

Styret kan og ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på 8 mill. kroner. Likviditetslån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga for vedkomande år, med mindre lånet er tatt opp for å dekkje underskot, som ifølgje selskapets økonomiplan skal dekkjast over fleire år. Selskapet sine eignelutar kan pantsetjast som trygd for lån.

PS 163/17 Støtte til TV-aksjonen 2017

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune gir eit bidrag på kr 1 pr innbyggjar til årets TV-aksjon.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017

Volda kommune gir eit bidrag på kr 1 pr innbyggjar til årets TV-aksjon.

PS 164/17 Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutvalet for helse- og omsorg(THO) går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok-kjøøl prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går THO inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr(oversikt på behov vert lagt fram i møtet).

THO bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for dei gamle.

THO ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. THO ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

THO ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.



Handsaming:

Ettersendte dokument møtedagen:

- Sentralkjøkkenet på omsorgssenteret – Utstyrskrav knytt til endring av produksjon.
- Melding om vedtak PS 8/17 tenesteutval for helse og omsorg.

Konst. helse- og omsorgssjef orienterte om saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Ordføraren får fullmakt til å redigere tilrådinga frå tenesteutvalet for helse og omsorg.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå tenesteutvalet for helse og omsorg, med redigering får ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøling prinsippet til kokserver så snart administrasjonen er klar til omlegginga.

Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).

Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.

Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg. Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.

Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.



VOLDA KOMMUNE

PS 165/17 Oversendingsframlegg PS 75/17 frå kommunestyret – 22.06.2017 til formannskapet: Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på Campus Høgskulen i Volda

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.06.2017 til formannskapet:

1. *Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløysing med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammer.*
2. *Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
 - a. *Utforming av scena på kulturhuset bør ha fokus på optimal gjennomføring av framsyningar av amatørballett og musikaler med inntil 400 aktørar.*
 - b. *Utforming av kinosalen bør tenke framtidretta der kinosalen både bør være ein sosial møteplass i tillegg til eit teknisk framsyningsrom, og framstå som annleis enn ein «vanleg kinosal».*
3. *Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Odd A. Folkestad kom med slikt tillegg til framlegget frå ordføraren:

Formannskapet vil handsame saka etter kommunestyremøtet i november.

Røysting (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget frå ordføraren, med tillegg frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 17.10.2017 til kommunestyret:

Saka vert utsett. Formannskapet vil handsame saka etter kommunestyremøtet i november.



VOLDA KOMMUNE

PS 168/17 Oversendingsframlegg frå kommunestyret – 28.09.2017 til formannskapet: Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på Campus Høgskulen i Volda

Oversendingsframlegg frå kommunestyret – 28.09.2017 til formannskapet:

Kommunen ynskjer å få oversyn over eventuelle alternative prosjekt/løysingar. Kommunen lyser difor ut etter skisseprosjekt på konkrete alternativ. Det skal i tilbod skisserast rammer for økonomi, synergjar, tettstadseffekt og mogleg framtidig vidareutvikling. Frist vert å sette tilsvarande den dato som vil gjelde for levering av komplett tilbod frå Statsbygg si side.

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

Med mål om å få realisert kultursal-/hus i Volda innanfor realistiske økonomiske rammer lyser Volda kommune etter interessentar for eit alternativt samarbeid om slik satsing i sentrum. Kommuna sjølv kan her vise til eigne aktuelle prosjekt.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Odd A. Folkestad kom med slikt tillegg til framlegget frå ordføraren:

Formannskapet vil handsame saka etter kommunestyremøtet i november.

Røysting (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget frå ordføraren, med tillegg frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017

Saka vert utsett. Formannskapet vil handsame saka etter kommunestyremøtet i november.

PS 167/17 Oversendingsframlegg frå kommunestyret 28.09.2017 til formannskapet. Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun - Sandlager

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 28.09.2017 til formannskapet:

Auka investeringsramme vert finansiert ved omdisponering innanfor allereie innvilga samla låneramme.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert sendt attende til administrasjonen.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017:

Saka vert sendt attende til administrasjonen.

PS 166/17 Ørsta/Volda Lufthamn - Avinor AS - Gbr 52/52 i Ørsta - Kjøp av areal

Administrasjonen si tilråding:

Avtale mellom Avinor AS, Volda kommune og Ørsta kommune om sal av ca. 12,7 dekar av gnr. 52 bnr. 52 til Avinor AS vert godkjent.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017:

Avtale mellom Avinor AS, Volda kommune og Ørsta kommune om sal av ca. 12,7 dekar av gnr. 52 bnr. 52 til Avinor AS vert godkjent.

PS 169/17 Grensjustering i samband med kommunereforma - Bjørke

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til skriv frå Fylkesmannen d.s.25.09.2017 om " Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova - søknad om utgreiing av grensejustering av Bjørke i Ørsta kommune".



VOLDA KOMMUNE

Formannskapet har ikkje merknader til søknaden og tek den i denne omgang til vitende. Før det vert gjort vedtak om evt. grensejustering føreset Volda kommune å kome attende å gje uttale i saka.

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om skuledrifta ved Austefjord skule.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017:

Formannskapet syner til skriv frå Fylkesmannen d.s.25.09.2017 om " Innbyggerinitiativ etter inndelingslova - søknad om utgreiing av grensejustering av Bjørke i Ørsta kommune".

Formannskapet har ikkje merknader til søknaden og tek den i denne omgang til vitende. Før det vert gjort vedtak om evt. grensejustering føreset Volda kommune å kome attende å gje uttale i saka.

PS 172/17 Ny utlysing av riksvegsambandet Volda-Folkestad - Ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020

Handsaming:

Saka vart sendt til formannskapet 16.10.17 og sett på saklista på møtedagen.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Formannskapet sluttar seg til framlegget frå Odd A. Folkestad.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 17.10.2017:

Formannskapet sluttar seg til framlegget frå Odd A. Folkestad.



VOLDA KOMMUNE

PS 170/17 Referatsak

RS 12/17 Innkalling til representantskapsmøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)

PS 171/17 Orienteringssaker

OS 151/17 Svar på søknad om grensejustering i Bjørke-Viddal - Innbyggjarinitiativ etter inndelingslova

OS 152/17 NAV - Pressemelding arbeidsmarkedet september 2017

Møtet slutt kl. 15:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18.09.2017

Sonja Håvik
konsulent